NOTAT

22.10.2026

VEDLEGG 6B

Tilrettelegging areal og nett

Skyss har undersøkt mogleg plassering av energiinfrastruktur på kaiene i Leirvik og i Skånevik.

Mogleg plassering er gjort med utgangspunkt i føresetnader for mogleg teknisk infrastruktur og har vorte drøfta med grunneigar, veg- og planmynde.

Dette notatet syner eigedomstilhøve og planstatus, mogleg plassering og informasjon frå grunneigar. Referata frå førehandskonferansane er vedlagt.

Undersøkinga av mogleg plassering av energiinfrastruktur endrar ikkje ansvarsfordelinga knytt til energiinfrastruktur og nettoppgradering, slik som dette er skildre i Kontraktens punkt 6.2.2, 6.2.3 og 6.2.4.

1 Føresetnadar mogleg teknisk infrastruktur

Skyss har i undersøkinga av mogleg plassering teke utgangspunkt i følgjande føresetnadar for teknisk infrastruktur:

- Energioverføringseining på kaiside: 2-5 m2. Det vil være rom for at tilbyder skal kunne tilpasse plasseringen av ladere ved kaikant i detaljeringsfasen.
- Teknisk hus for ned- og omtransformering i bakkant: 15-36 m^2, maksimalt 100 m frå energioverføringseining.

Dessuten må det førast fram høgspent straum til teknisk hus og kablar frå teknisk hus til kaiside.

2 Leirvik

Skyss har inngått avtale om bruk av grunn med Stord Helsepark AS med formål om å plassere nettstasjon og teknisk hus på eiendom. Dette, og annen nødvendig info, er etablert i tilko/elbits med Saksnr. ELB598. Saken er per nå køsatt. Det er gjennomført ein førehåndskonferanse med planmynde og det er basert på førehandskonferanse igangsatt arbeidet med ein dispensasjonssøknad til kommunen.

2.1 Eigedomstilhøve




Figur 1: Kartutsnitt med gards- og bruksnummer. Området rundt gnr./bnr. 27/801 er gnr./bnr. 27/53 og er eid av Stord kommune.

Gards- /bruksnummer	Eigar
27/53	Stord kommune
27/801	Nattrutekaien eigedom AS
27/768	Stord Helsepark AS

2.2 Planstatus

Gjeldande plan har plan-ID 201901 med blant anna arealformål hotell der ladetårn skal plasserast og næring der bakanforliggjande energiinfrastruktur skal plasserast. Det pågår ein prosess med å søke om dispensasjon frå byggjegrense på gnr/bnr 27/768 og å søke om dispensasjon frå arealformål på gnr./bnr. 27/53 der ladetårn skal plasserast.



Figur 2: Gjeldande reguleringsplan med Plan-ID 201901.

Eit tiltak på dagens kai vil krevje mellombels dispensasjon frå gjeldande plan.

2.3 Mogleg plassering av energiinfrastruktur innanfor definert areal

Operatør skal ta utgangspunkt i ei plassering av bakanforliggande energiinfrastruktur (nettstasjon og teknisk hus) på gnr./bnr. 27/768 i samsvar med leigeavtale mellom Vestland Fylkeskommune og Stord Helsepark AS. Lader(e) vil måtte plasserast på ein eigna måte på kai.

Det presiserast at størrelsar og utforming av energiinfrastrukturen er tentative og vil avhenge av tilbydars konsept. Operatør må sjølve sikre endeleg godkjenning frå kommune og grunneigar innanfor definert areal, jf. Kontrakten punkt 6.2.3.



Figur 3: Mogleg plassering i Leirvik.

2.4 Informasjon frå grunneigar

Det er inngått ein avtale mellom grunneigar Stord Helsepark AS og Vestland Fylkeskommune om bruksrett på eit areal på gnr./bnr. 27/768.

For øvrig areal til kabelføring og plassering av lader(e) på kai er det informert om frå grunneigar Stord kommune at dei er positive til tiltaket.

Operatør kan leggje til grunn at leige av denne grunnen vert vederlagsfri.

3 Skånevik meierikai (liggjekai)


Skyss har god dialog med grunneigar (Meierikaien Etne AS) og har ein pågåande prosess knytt til å avtalefesta bruk av grunn med det formål om å plassere nettstasjon, teknisk hus og ladar på eigedom (gnr./bnr.: 131/2). Skyss har også opprettet søknad om nettilknytnad i Fagne sin portal med henvendelse-nummer: IN-00011934. Saken er per nå under behandling, men nettselskap har uttalt at det vil være uproblematisk å få kapasitet.

3.1 Eigedomstilhøve

Gards- /bruksnummer	Eigar
131/3	Meierikaien Etne AS
134/126	JJL Eiendom AS

3.2 Planstatus

Gjeldande plan for kai er Plan-ID R-32DEL1 med ikrafttredelse 01.12.1993. Kai har blitt brukt til liggekai for båt av dagens operatør. Arealformål er oppgitt til «Unyansert formål» i reguleringsplanen.



Figur 4: Gjeldande reguleringsplan med Plan-ID R-32DEL1 som omhandler gnr./bnr. 131/3.

3.3 Mogleg plassering av energiinfrastruktur innanfor definert areal

Mogleg plassering og storleiker knytt til energiinfrastrukturen er vist i Figur 4 på aktuell tomt i samanheng med nattlading. I teikninga er det ikkje vist eit eige teknisk hus ettersom det her er vist til ei løysing med likeretting integrert i ladaren. Dersom Operatør ønskjer teknisk hus, må Operatør gjere naudsynte avklaringar med grunneigar og kommune.

Det presiserast at størrelsar og utforming av energiinfrastrukturen er tentative og vil avhenge av tilbydars konsept. Tilbydar må sjølve avklare endeleg detaljert plassering av energiinfrastruktur innanfor definert areal med grunneigar.



Figur 5: Mogleg plassering Skånevik meierikai

3.4 Informasjon frå grunneigar

Skyss har ei pågåande dialog med grunneigar og det vert jobba med å ferdigstille avtaleutkast til kaileige. Det er utført tilstandsrapport av kai og det er sannsynleg at denne vil måtte rehabiliterast før den kan takast i bruk. Oppdragsgjevar tek ansvar for slik rehabilitering.

Operatør kan leggje til grunn at det vil bli ein leigekostnad for bruk av denne kaien, ref. kapittel 6.1 i kontrakten.

4 Skånevik anløpskai

Skyss har god dialog med grunneigar (Etne kommune) og har ein pågåande prosess knytt til å avtalefeste bruk av grunn med det formål om å plassere ladar (og evt. Teknisk hus, om separat) på eigedom (gnr./bnr.: 134/46). Skyss har også oppretta søknad om nettilknytnad i Fagne sin portal med henvendelse-nummer: IN-00011936. Saken er per nå under behandling, men nettselskap har uttalt at det vil være uproblematisk å få kapasitet.

4.1 Eigedomstilhøve

Gards- /bruksnummer	Eigar
134/46	Etne kommune
134/46/1	Lars Moe
134/25	Verven 10 AS
134/129	Vestland Fylkeskommune
134/27	Ebne Haldor

4.2 Planstatus

Gjeldande plan for kai er Plan-ID R-78 med ikrafttredelse 09.06.2005. Kai har blitt brukt til liggjekai for båt av dagens operatør. Potensielt areal ved kai har et oppgitt arealformål som «Kjørevei» i reguleringsplanen. Like sør for kaia ligg ei tomt (134/46/1) regulert til arealformål «Bolig/Forretning/Kontor».




Figur 6: Gjeldande reguleringsplan med Plan-ID R-78 som omhandler gnr./bnr. 134/46.

4.3 Mogleg plassering av energiinfrastruktur innanfor definert areal

Mogleg plassering og storleikar knytt til energiinfrastrukturen er vist i figur nedanfor på aktuell tomt i samanheng med nattlading. Plasseringa av nettstasjon er per nå basert på at man kan nytta seg av eksisterande nettstasjon avholdt til ferjelading. I teikninga er det ikkje vist eit eige teknisk hus ettersom det her er vist til ein løysing med likeretting integrert i ladaren. Dersom Operatør ønskjer teknisk hus, må Operatør gjere naudsynte avklaringar med grunneigar og kommune.

Det presiserast at størrelsar og utforming av energiinfrastrukturen er tentative og vil avhenge av tilbydars konsept. Tilbydar må sjølve avklare endeleg detaljert plassering innanfor definert areal med grunneigar.



Figur 7: Mogleg plassering Skånevik meierikai. Her vist henta frå eksisterande nettstasjon.

4.4 Informasjon frå grunneigar

Skyss har i dialog med Etne kommune avklart at dei er positive til tiltaka.

Operatør kan leggje til grunn at leige av denne grunnen vert vederlagsfritt.

5 Vedlegg

Vedlagt følgjer:

- Referat frå førehandskonferanse Leirvik
- Avtaler om de er klar VERT SUPPLERT